



**Utval:** Ungdommens fylkesutval  
**Møtestad:** Fløksand, Meland  
**Dato:** 29.08.2014-31.08.2014  
**Tidspunkt:** 16:00-12:00

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Agnes H. Bernes	Leiar	
Vegard Kleppe	Medlem	
Hedda Emilie Hidle	Medlem	

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Gard Johanson	Nestleiar	
Cecilie Engen Fredheim	Medlem	
Benedicte Hellestveit	Medlem	
Lars Helle Fauske	Medlem	
Olve Akselsen	Varamedlem	
Emma Franck-Gwinnell	Varamedlem	

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Stine Hegdal		
Thomas Valdersnes Frotjold		

**Merknader**

---

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
------	----------

---

## Sakliste

<b>Utvalls- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 57/14	Godkjenning av innkalling		
PS 58/14	Godkjenning av sakliste		
PS 59/14	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 60/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 35/14	Oversikt økonomi - per 120814	2014/560	
RS 36/14	Oversikt ungdomsråd - per 120814	2014/560	
RS 37/14	Framdriftsplan Ungdommens planprogram - 120814	2014/560	
RS 38/14	Erklæring frå Alltinget 31.05.14 i samband med Grunnlovsseilassen 2014	2014/560	
RS 39/14	Invitasjon til dialogforum mellom ungdomsrepresentanter og barne-, likestillings-, oginkluderingsministeren 2014	2014/19640	
RS 40/14	Ønsker dere å arbeide for et Nasjonalt Medvirkningsorgan for ungdom under 18 år?	2014/560	
RS 41/14	Svar på pc-ordninga for TAF-elevar	2014/560	
RS 42/14	Førespurnad om deltaking på Nettverkssamlinga 2014 i regi av Ungdommens fylkesutval	2014/560	
RS 43/14	Referat frå møte med fylkesordførar Tom-Christer Nilsen	2014/560	
RS 44/14	Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune	2014/560	
RS 45/14	Endring av vedtekter til Ungdommens fylkesting - sak i fylkesutvalet	2014/560	
PS 61/14	Utkast til svar til Odrun Misje angående nasjonalt medverknadsorgan	2014/560	
PS 62/14	Nettverkssamling 2014 - førebuing	2014/560	
PS 63/14	Gjennomgang av vedtektene til Ungdommens fylkesting	2014/560	
PS 64/14	Framdriftsplan for Ungdommens fylkesting	2014/560	
PS 65/14	Premiss; regional kulturplan - uttale frå Ungdommens fylkesutval	2014/560	
PS 66/14	Deltaking på konferansar	2014/560	
PS 67/14	Ymse		

## **PS 57/14 Godkjenning av innkalling**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 29.08.2014**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval godkjente innkallinga.

## **PS 58/14 Godkjenning av sakliste**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 29.08.2014**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval godkjente saklista.

## **PS 59/14 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 29.08.2014**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval godkjente møteprotokoll frå 19.06.14.

## **PS 60/14 Referatsaker (Meldingar)**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 29.08.2014**

### **Vedtak**

*RS 35/14 Oversikt økonomi per 120814:* Godkjent. Ungdommens fylkesutval ynskjer ein gjennomgang av administrasjonen på neste møte om tolking av budsjett, sidan ein del sliter med å skjønne kva dei ulike tala betyr.

*RS 36/14 Oversikt ungdomsråd – per 120814:* Hedda Hidle kommenterer at koordinator på Bømlo er feil. Det vart einigheit om at innan neste møte skal alle medlemmane i Ungdommens fylkesutval sjå igjennom oversikta over ungdomsråd, legger inn riktig informasjon og prøver å kontakte dei ungdomsråda der det manglar informasjon.

*RS 37/14 Framdriftsplan Ungdommens planprogram – 120814:* Under Opplæring og helse er tiltak 1a gjort men det er ikkje komme noko respons, det er kommen tilbakemelding på tiltak 3c og den er dermed ferdig. Under Kultur og ressurs er tiltak 3c ferdig. Under Samferdsel er tiltak 1b ferdig grunna den nye ein-sonen politikken.

*RS 39/14 Invitasjon til dialogforum mellom ungdomsrepresentanter og barne-, likestillings-, og inkluderingsministeren 2014:* Ungdommens fylkesutval sender inn til forslag til tema: «Eit nasjonalt medverkingsorgan». Ungdommens fylkesutval går og inn for at ein eventuelt kan invitere Solveig Horne til UFT.

*RS 40/14 Ønsker dere å arbeide for et Nasjonalt Medvirkningsorgan for ungdom under 18 år?:* Ungdommens fylkesutval vedtek å stille seg bak erklæringa slik den er. Det gjer me for få stort moglegheit for å få gjennomslag i saken, så kjem me med dei eventuelle endringsforslaga seinare i prosessen.

*RS 41/14 Svar på pc-ordninga for TAF-elevar:* Ungdommens fylkesutval ser på dette som eit godt svar og ser på saken som avslutta.

*RS 42/14 Førespurnad om deltaking på Nettverkssamlinga 2014 i regi av Ungdommens fylkesutval:*  
Ungdommens fylkesutval vedtek at ein ynskjer å ha fylkesvaraordfører i staden for fylkesordføraren som innleiar sidan ho har hatt meir med Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval. Det vart laga eit forslag til ferdigstilt program i løpet av helga.

*RS 43/14 Referat frå møte med fylkesordførar Tom-Christer Nilsen:* Ungdommens fylkesutval seier seg einige om at når me skal presentera oss sjølv på fylkestinget, så bør det ikkje være for mange som snakkar. Ungdommens fylkesutval vedtar at det leiarane for dei ulike områda i tillegg til leiar og nestleiar som presenterer kva me jobbar med og kva som er planen framover. Visst det eventuelt blir for mykje folk, så kan leiar og nestleiar ta seg av presenteringa av Ungdommens fylkesutval. Det vart einigheit om at Vegard skulle sjå på saken om sanksjonsmoglegheiter i skulen på neste møte.

**RS 35/14 Oversikt økonomi - per 120814**

**RS 36/14 Oversikt ungdomsråd - per 120814**

**RS 37/14 Framdriftsplan Ungdommens planprogram - 120814**

**RS 38/14 Erklæring frå Alltinget 31.05.14 i samband med Grunnlovsseilassen 2014**

**RS 39/14 Invitasjon til dialogforum mellom ungdomsrepresentanter og barne-, likestillings-, og inkluderingsministeren 2014**

**RS 40/14 Ønsker dere å arbeide for et Nasjonalt Medvirkningsorgan for ungdom under 18 år?**

**RS 41/14 Svar på pc-ordninga for TAF-elevar**

**RS 42/14 Førespurnad om deltaking på Nettverkssamlinga 2014 i regi av Ungdommens fylkesutval**

**RS 43/14 Referat frå møte med fylkesordførar Tom-Christer Nilsen**

**RS 44/14 Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune**

**RS 45/14 Endring av vedtekter til Ungdommens fylkesting - sak i fylkesutvalet**

## **PS 61/14 Utkast til svar til Odrun Misje angående nasjonalt medverknadsorgan**

### **Forslag til avgjerd**

Ungdommens fylkesutval vedtek å sende eit slikt svar til UngMedbestemmelse i Oslo:

Ungdommens fylkesutval i Hordaland er no i gang igjen etter sommaren, og me ser fram til å arbeide vidare med oppretting av eit nasjonalt medverknadsorgan for ungdom. Å lage ei gruppe på facebook og diskutere der høyrer ut som ein god plan!

I svaret vårt på utkastet understreka me at UFU vil ha eit medverknadsorgan som byggjer på ungdomsrådskanalen, dette på grunn av at det er den meininga me har som utgangspunkt i vårt handlingsprogram. Etter ein kort diskusjon har me konkludert med at eit medverknadsorgan for ungdom som er open for fleire grupper ungdom enn dei som engasjerer seg i ungdomsråd vil føre til at Ungdommens Storting vert meir representativt og dermed får meir innflytelse. For oss vert innflytelse viktigare enn ynskje om at medverknadsorganet skal byggje på ungdomsrådskanalen, derfor kan ein sjå vekk frå den delen av innspelet vårt til utkastet som omhandlar nettopp dette.

Me står ved innspelet vårt om å utvide aldersgrensa, samt at Ungdommens Storting bør velje eit arbeidsorgan.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 29.08.2014**

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek å stille seg bak forslag til vedtak om å sende Cecilie Fredheim sitt forslag til svar.

## **PS 62/14 Nettverkssamling 2014 - førebuing**

### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråing.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 29.08.2014**

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek at alle medlemmane i Ungdommens fylkesutval skal få tilbod om overnatting frå fredagen, på den måten kan me betre få planlagt korleis ting skal gjerast. Det var ikkje noko nøye for nokon kva type rom ein skal sove på. Når det gjeld deltakarane på nettverksamlinga, så skal me ikkje tillate at dei kan få enkeltrom visst ikkje dei har ein særskilt god grunn.

## **PS 63/14 Gjennomgang av vedtektene til Ungdommens fylkesting**

### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråing.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 29.08.2014**

Det vart diskutert litt rundt namneendring av desisjonskomiteen til kontrollkomité eller kontrollnemnd. Det vart undersøkt litt i korleis andre organisasjonar har vedtektene sine, og me observerte at i dei fleste organisasjonar så har redaksjonskomiteen voteringsorden, og i tillegg at ein må ha 2/3 fleirtal for vedtektsendringar i dei fleste organisasjonar. Det vart og diskutert om måla i Ungdommens planprogram burde gjelde for eit eller to år, og det var litt ueinigheit, men fleirtalet var for eit år i staden for to. På

saka om ein representant frå ein kommune bør ha tilknytning til kommunen, så var dei einigheit om at det står ganske tydelig i vedtektene frå før at ein representant skal ha det. Ungdommens fylkesutval vart einige om å ikkje gjere noko vedtak i denne saken og utsette denne posten til neste møte. Dette er grunna lite oppmøte på helgemøte og me meiner heile Ungdommens fylkesutval bør få sagt si meining i noko så viktig som vedtektene.

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek å utsette saka til neste rådsmøte.

### **PS 64/14 Framdriftsplan for Ungdommens fylkesting**

#### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

#### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 29.08.2014**

#### **Vedtak**

Det vart orientert litt rundt kva som var blitt gjort og kva som treng å bli gjort i dei ulike områda. På opplæring og helse skal det fokuserast på å jobba med tiltak 4a, tiltak 5b om å få elev og lærlingombod inn i budsjettet (samarbeid med arbeidspartiet og elevorganisasjonen) og tiltak 5c. På kultur og ressurs skal det fokuserast på å jobbe med mål nr 1 om folkehelseplanen som skal opp til behandling no i haust, det skal og jobbast med regional kulturplan, og dei skal jobbe med tiltak 2e. Når det gjeld samferdsel og eigen organisasjon, så var det grunna lite oppmøte vanskelig å lage noko oversikt over kva som bør gjerast.

### **PS 65/14 Premiss; regional kulturplan - uttale frå Ungdommens fylkesutval**

#### **Forslag til avgjerd**

Ungdommens fylkesutval vedtek å sende inn slik høyringsuttale til ny regional kulturplan:

Ungdommens fylkesting stiller seg positiv for Kultur regional kulturplan for Hordaland 2015-2025.

Vi vil gjerne kommentere nokre emnar, som står skrevet i Kultur regional kulturplanen 2015-2025.

Kultur regional kulturplanen handlar for det meste om fritidstilboda her i Hordaland. Det står masse om kva aktivitetar, men lite om kor. Dette er eit problem for mange, grunna mangel på aktivitetar. Folk veit faktisk ikkje kor aktivitetane held til, og dette vil vi få betre opplyst om.

Det står masse om at biblioteka skal moderniserast og vere meir attraktive, men kva er vitsen viss folk ikkje veit om dei? Viss vi først skal fikse og trikse med biblioteka, kan vi like så godt gjere dei meir offentlige og synlege. På denne måten vil folk leggja merke til dei, og kanskje til og med sjekke dei ut?

Det er nemnt under punkt 5.9 Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, 36. Fysisk aktivitet: Det er eit nasjonalt mål om at 80% av barn og unge skal gå eller sykle til skulen. Mange bor så passa langt frå skulen at det ville tatt altfor lang tid. Elevene ville blitt utslitt før skulen har byrja. Ta til dømes Bømlo kor ein del av elevane ikkje har så langt å gå/sykle til skulen, men vegane er farlege, så dei må ta buss for deira eigen trygghet. Viss det er eit nasjonalt mål burde vegane vere trygge og fine å sykle/gå til skulen på.

#### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 29.08.2014**

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtar at kultur og ressurs skal samarbeide med Ungdommens bystyre om ein uttale til regional kulturplan. Kultur og ressurs skal ta utgangspunkt i den uttalen dei har skrive, når dei skal lage ny uttale i lag med Ungdommens bystyre.

## **PS 66/14 Deltaking på konferansar**

### **Forslag til avgjerd**

Ungdommens fylkesutval vedtek å delta på desse konferansane..... med slik representasjon.....

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 29.08.2014**

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek å delta på desse konferansane:

- Ungdata 2014 med Vegard Kleppe og Hedda Hidle som deltakara
- Plankonferansen 2014 med Stine Hegdal og Lars Fauske eller Olve Akselsen som deltakara
- Nasjonal oppvekstkonferanse med Cecilie Fredheim eller Benedicte Hellestveit som deltakar
- Dialogkonferanse i regi av Solveig Horne med Agnes Bernes som deltakar.

## **PS 67/14 Ymse**

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 29.08.2014**

#### **Vedtak**

*Budsjett 2014/2015:* Opplæring og helse skal prøve å få eit samarbeid med enten Arbeidarpartiet eller elevorganisasjonen (eller begge) om å få tiltak 1b (elev og lærlingombodet) inn i budsjettet for 2015. Kultur og ressurs skal kontakte kultur- og ressursutvalet og komme med uttale om å få tiltak 2e (utlån av offentlige bygg) inn i budsjettet for 2015.

*Ungdommens fylkesting:* Tingpapir: På nettverksamlinga vil det komme inn forslag til nye mål/tiltak og endringar til planprogrammet. I tillegg bør Ungdommens fylkesutval komme med eigne endringsforslag. Dei endringsforslaga bør være klare før nettverksamlinga, slik at det ikkje blir for mykje å gjera på helgemøte i november. Når det gjeld årsmeldinga så vil den blir gjort ved at kvart område skriv om kva dei har gjort i løpet av året, og kva konferansar dei har vært på. Så vil Agnes ha ansvar for resten av årsmeldinga. Utkast til årsmelding bør være klart innan 17. november.

Praktisk: Ungdommens fylkesutval vurderer å invitere Asgeir Stavik Hustad og Mads Adrian Hansen som ordstyrare. Foreslått skype-møte med ordstyrarane er satt til 12.12.14, slik at me samhandlar det med møte i Ungdommens fylkesutval. Det vart også foreslått at me inviterer ungdommar frå ulike ungdommens fylkesutval i Noreg, og i tillegg at ein inviterer representantar frå sentralt ungdomsråd i Oslo sidan me har hatt ein del med dei å gjera det siste året. Miriam Seim har sagt at ho ynskjer å bli invitert som gjest eller observatør.